

Fra: Gjerde, Håvard <havgje@kvam.kommune.no>

Sendt: søndag 5. mars 2023 22:55

Til: #Kvam-Postmottak <postmottak@kvam.kommune.no>; Næss, Torgeir <tornes@kvam.kommune.no>

Kopi: Hordaland Folkeblad <redaksjon@hf.no>; !KVAM-POLITIKK-HERADSTYRET <Kvam-POLITIKK-HERADSTYRET@kvam.kommune.no>

Emne: Interpellasjon

Interpellasjon frå Håvard Gjerde, Raudt

Til handsaming i heradsstyremøtet 28.03.2023

Tenestepensjon til frikjøpte fosterforeldre

På spørsmål til rådmannen om pensjon og sosiale rettar for fosterforeldre svara rådmannen (heradsstyremøte 09.02.2023) at frikjøpte fosterforeldre, juridisk sett, ikkje har status som arbeidstakarar og derfor ikkje har krav på tenestepensjon.

Svaret var i og for seg grundig og godt grunngjeve, men spørsmålet handla ikkje om kva fosterforeldre har krav på. Det handla om kor vidt Kvam herad kan tilby frikjøpte fosterforeldre tenestepensjon, og svaret er at det kan me, sidan Hardanger barnevern (Ullensvang, Eidfjord og Ulvik) allereie har dette med i sine avtalar.

Fosterheimane er ein svært viktig del av barnevernstenesta, og det er kan ikkje vere rett at fosterforeldre som opnar heimane sine for nye og sårbare familiemedlemmar dermed skal tape pensjonsrettar. Derfor må Kvam herad i likskap med Eidfjord, Ulvik og Ullensvang tilby tenestepensjon til frikjøpte fosterforeldre.

Forslag:

Kvam herad bed rådmannen kontakte Hardanger barnevern og Ullensvang kommune for å få råd om utarbeiding av kontraktar som sikrar frikjøpte fosterforeldre i Kvam tenestepensjon. Saka vert lagt fram for heradsstyret 16.05.2023.